

## Hamneregler

For Sandane Småbåtlag si hamn på Øyrane

1. Berre medlemmer i Sandane Småbåtlag ( SSL ) har høve til å eige plassar i hamna.  
Dersom nokon leiger/låner ut plassen sin, er dei ansvarlege for at leigetakar følgjer reglementet i hamna. Leigetakar som ligg utover 14 dagar skal vere medlem i laget.
2. Hamnesjefen saman med styret tildeler båt plass. Kvar får tildelt bryggeplass etter den storleiken som er bestilt og betalt for.  
  
Plassering av bryggeplassen blir avgjort av hamnesjefen saman med styret, og plasseringa kan endrast dersom praktiske grunner tilseier dette.  
Ved endring av tildelte mål på båt plass skal det søkast til styret.
3. Alle pliktar å halde orden på eigen båt plass. Defektar skal meldast til bryggesjef.  
Båteigar/båtplasseigar har ansvar for snømoking og reinhald av det flytande anlegget.
4. Båten skal vere forskriftsmessig registrert og forsikra av eigaren. SSL er ikkje ansvarleg overfor båteigarane for tjuveri, brann eller andre skadar som måtte oppstå medan båten ligg i hamna.
5. Båten skal vere fortøydd med to fortøyingar framme og to bak. Det skal vere montert demparar på fortøyingane, og fortøyingane skal vere dimensjonert etter båten sin storleik.
6. Sløyting/reinsing av fisk skal ikkje gjerast i hamneområdet.
7. Portane skal låsast når ein forlet bryggene.
8. Bilar skal ikkje parkerast på moloen. Unntak er av- og pålessing.
9. Straum og vatn i hamna er eit fellesgode. Unngå å blokkere dette i lengre tid slik at det hindrar andre.
10. Alle er ansvarlege for at parkeringsplass, molo, brygger og hamna elles er ryddig og ser ordentleg ut. Boss skal takast med heim eller leggast i bosskorgene som er plassert ut, eller leggast i container.
11. Hamnesjefen eller den han har delegert oppgåva til, tildeler plass til lagring av båt på land. Opplagsplass skal vere rydda, og søppel og anna avfall frå båtpussen skal fjernast og eventuelt leggast i container. Krybber og anna materiell skal vere fjerna frå området båtlaget disponerer straks båten er sjøsett. Utstyr som står tilbake etter denne tid, kan fjernast for båteigar si rekning.  
  
Feil, manglar eller spesielle ønske meldast til hamnesjef.